

Temaplan for Psykisk helsearbeid



Høyanger *kommune*

2016-2020

Innhold

1.0 INNLEIING	2
2.0 PLANARBEIDET	3
3.0 JURIDISKE RAMMER	4
4.0 TENESTETILBODET I DAG	4
4.1 KOMMUNALE TENESTER	4
4.2 ORGANISERING AV TENESTETILBODET	5
4.3 KOMPETANSE	6
4.4 KOMPETANSEUTVIKLING	6
4.5 SAMHANDLING OG KOORDINERING	6
4.6 BRUKARMEDVERKNAD	7
4.7 HØYANGER FRIVILLEGSENTRAL	7
4.8 DESENTRALISERT DAGTILBOD	8
4.9 SAMARBEID MED FRIVILLEGE ORGANISASJONAR.	8
5.0 FRAMTIDIG TENESTETILBOD	8
AVDELING FOR FØREBYGGANDE TENESTER OG HABILITERING AV	9
BARN OG UNGE	9
5.1 AVDELING FOR FYSIKALSK MEDISIN– OG REHABILITERING	9
5.2 OPEN OMSORG	10
5.3 AVDELING FOR INSTITUSJON	10
5.4 ALLMENLEGETENESTA	10
5.5 NAV	10
5.5.1 BUSTAD	11
5.5.2 ØKONOMI	11
5.6 BARNEVERNTENESTA	11
5.7 PSYKISK HELSEARBEID	12
5.8 PSYKOSOSIAL RESSURSGRUPPE FOR MENNESKE I KRISE OG SORG	13
5.8.1 RETNINGSLINJER FOR BEREDSKAPSGRUPPA	14
6.0 Kommunale utfordringar i høve tenestetilbod til målgruppa.	15

1.0 INNLEIING

Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester Kap.3 § 3-1: «Kommunen skal sørge for at personer som oppholder seg i kommunen, tilbys nødvendige helse -og omsorgstenester. Kommunens ansvar omfatter alle pasient -og brukergrupper osv»

Intensjonen med planen er å ha ei beskriving av det psykiske helsearbeidet i Høyanger kommune samt å vise arbeidet med føringar frå sosial- og helsedirektoratet. Temaplan for psykisk helsearbeid er retta mot følgjande målgruppe:

Personar med psykisk lidning.

Personar med rusproblem i tillegg til psykisk lidning

Planen har følgjande tema:

- Målgruppa
- Naudsynte kommunale helsetenester
- Omtale av kommunal organisering
- Tenesta sin kompetanse og kompetansebehov.
- Beskriving av det tverrfaglege samarbeidet.
- Planen omhandlar tenestetilbodet til både barn og vaksne
- Brukarmedverknad i det psykiske helsearbeidet, og styrking av brukarretta tiltak
- Handlingsplan med føringar for den vidare utviklinga av tenestetilbodet i planperioden.

2.0 PLANARBEIDET

Det har vore lagt vekt på å strukturere og oppdatere eksisterande plan som er frå 2011-2014. Ei tverrfagleg arbeidsgruppe frå tenesteområde helse og omsorg har delteke i dette arbeidet. Høyringsutkastet har vore sendt til fagpersonar og tillitsvalde i tenesteområda helse og omsorg og oppvekst, råd for eldre og funksjonshemma, samt frivillige organisasjonar i kommunen som Lavik Helselag, Høyanger Sanitetsforening, Røde Kors og Mental Helse for uttale. Det er kome tre skriftlege uttalar til planen, i tillegg ein munnleg uttale som er

dokumentert. Helse og omsorgsjefen har vore på møte i Høyanger Sanitetsforening for å informere om planen, samt fått tilbakemelding på høyringsutkastet.

3.0 JURIDISKE RAMMER

Helse- og omsorgstenestelova

Psykisk helsevernlova

NAV lova

Barnevernlova

Forskrifter

Rundskriv

4.0 TENESTETILBODET I DAG

Helsetenestene skal medverke til, god helse livskvalitet og fremje pasientane sin eigen meistring. Kommunen skal sørge for integrerte helsetenester til alle, inkludert dei med psykiske lidingar. Heimebuande menneske i alle aldrar som har behov for psykisk helsearbeid kan søke om denne tenesta. Psykisk helsearbeid er eit lågterskeltilbod til dei som treng hjelp til å handtere ei psykisk lidning eller ein vanskeleg livssituasjon.

Høyanger kommune og Helse Førde nyttar same mal for individuell plan. Kommunen og Helse Førde nyttar også felles kommunikasjonssystem gjennom PLO og legetenesta. Helse Førde - skal sørge for planlegging, oppfølging og drift av institusjonar og poliklinikkar

4.1 KOMMUNALE TENESTER

Fysioterapi, ergoterapi, Dag- og treningssenteret, sjukeheim, omsorgsbustad, heimesjukepleie, heimehjelp/praktisk bistand i heimen,tryggleiksalarm, middagsombringning, allmennlegeteneste, legevakt, sosialteneste, kommunale bustader, støttekontakt fritidsaktivitet, arbeid, psykiatrisk sjukepleie hjelp og oppfølging til menneske i sorg og krise, avlastning, og dag og aktivitetstilbod er tenestene som Høyanger kommune tilbyr innbyggerane i kommunen.

Psykiatritenesta er organisert som ei eiga teneste og gjev tilbod til brukarane på dagtid. Brukarane har tenester frå heimesjukepleien på kveld, natt og helg. For å utvikle samarbeidet mellom psykiatritenesta og heimesjukepleien til beste for brukarane, er psykiatritenesta frå organisert som ei sjølvstendig gruppe med felles leiar med heimetenesta.

Det vert ytt støtte og førebyggjande tiltak til barn og barnefamiliar gjennom helsestasjon og ulike avdelingar i tenesteområde Oppvekst. Gjennom skulehelseteneste er helsestasjonen med på å fremje helse, og førebyggje helsesvikt.

I førebyggjande arbeid vil ein samarbeide tverrfagleg og tverretatleg. Gode oppvekstforhold, sosiale miljøfaktorar og fysiske omgjevnader er viktige for å etablere og oppretthalde ei god psykisk helse. Arbeidet må rettast mot foreldregenerasjonen, og mot barn og unge, samt mot kommunale planar og driftsområder. Det er avgjerande med eit godt tverrfagleg samarbeid rundt familiar med barn som har psykisk sjuke foreldre. For å kunne gje desse borna god oppfølging er det viktig at dei som arbeider med dei vaksne - med samtykke frå brukar - involverer helsestasjon/skulehelsetenesta/barnevern eller andre som kan ivareta borna i denne situasjonen.

Sentralt i dette arbeidet står avdeling for førebyggjande helsetenester og habilitering samt det kommunale miljøretta helsevernet.

4.2 ORGANISERING AV TENESTETILBODET

Leiar av open omsorg Høyanger har det administrative ansvaret for psykisk helsevern i kommunen. Psykiatritenesta er organisert i open omsorg Høyanger.

Fastlegane har fagleg ansvar for oppfølging av sine listepasientar. Kommuneoverlege Kristine Longfellow er medisinskfagleg rådgjevar i kommunen.

Tildeling av helse og omsorgstenester vert gjort av kommunen sitt Tiltaksteam.

Psykiatritenesta har ansvaret for oppfølging med psykiatrisk sjukepleie, miljøteneste og arbeids-og aktivitetstilbod.

Heimetenesta har ansvaret for heimesjukepleie, heimehjelp, praktisk bistand i heimen,

tryggleiksalarm og omsorgsbustader.

Sentralkjøkkenet har ansvaret for middagsombringning til heimebuande og mat til institusjonane.

Institusjonstenesta har ansvaret for sjukeheimsplassar.

Avdeling for fysikalsk medisin og rehabilitering har ansvar for fysioterapi, ergoterapi, hjelpemiddelformidling og Høyanger Dag- og treningssenter. Dag- og treningssenteret driv både individ- og grupperetta arbeid for opptrening og vedlikehald av fysiske og sosiale funksjonar hos eldre.

Helsestasjonen er ansvarleg for førebyggande arbeid til barn og unge.

Alle einingar er elles ansvarleg for førebyggande og helsefremmande arbeid.

4.3 KOMPETANSE

Høyanger kommune har 200 % stillingsheimlar for psykiatriske sjukepleiarar, og i tillegg 100% hjelpepleiarstilling/miljøarbeider innanfor rusarbeid. Kommunen har opplæring/praksisplassar for sjukepleie-studentar både på grunnutdanning og vidareutdanning

4.4 KOMPETANSEUTVIKLING

Personell som arbeider med menneske med psykiske lidingar skal jamleg styrke og utvikle kompetansen sin. Prioritering av kompetansehevande tiltak innan psykiatri skal inkorporerast i tenesteområde helse og omsorg sin opplæringsplan.

Fagleg, personleg rettleiing bør prioriterast for personell som arbeidar med psykiatriske pasientar, ved at personell i psykiatritenesta nyttar seg av tilbodet om deltaking i rettleiingsgrupper på Psykiatrisk klinikk Helse Førde.

4.5 SAMHANDLING OG KOORDINERING

I tilknytning til kvar einskild brukar, vil ein samarbeide tverrfagleg og tverretatleg i førebyggjande arbeid, og det skal etablerast ansvarsgruppe ved behov. Det skal også leggest til rette for at alle som ønskjer det, skal få sin individuelle plan. Ein nyttar i hovudtrekk

kommunen sin vedtekne ansvarsgruppemodell. Behovet skal meldast til psykiatrisk sjukepleiar, avdelingsleiarar, rehabiliteringskoordinator eller tiltaksteamet som kallar saman aktuelle samarbeidspartar.

Brukarar med psykiske lidingar, som har funksjons- og meistring utfordringar av ulik karakter, og der fleire aktørar er inne i bilete, har rett til samordna og koordinerte tenester. Målet er at brukar skal redusere sjukdomsutvikling, oppnå best mulig meistringsevne, sjølvstende og kunne delta sosialt og i samfunnet.

Desse føresetnadene utløyer rett til koordinator og individuell plan etter, ”Pasient og brukar rettighetslova” helse og omsorgslova” og ”Lov om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern” og behovet skal meldast til Koordinerande eining.

Individuell plan skal bidra til at brukaren får eit heilskapleg, samordna og individuelt tilpassa tenestetilbod gjennom planlagde prosessar, samt å arbeide mot personleg utvikling. Planen skal ha klare mål og virkemiddel, med ansvarsavklaringar og tidsavgrensingar. Bistanden som vert ytt skal vere nødvendig og tilstrekkeleg for å fremme brukar sin eigen innsats. Ein må samarbeide på tvers av fag og etatar. Tidleg og førebyggjande innsats er viktig for å oppretthalde meistring.

Høyanger kommune har prosedyrar på arbeidet med individuell plan, ansvarsgrupper og koordinator sin funksjon (j.f. Compilo).

4.6 BRUKARMEDVERKNAD

Brukarmedverknad er sentralt i direkte klientkontakt, og i arbeidet med individuell plan. Rådet for eldre og funksjonshemma er naturlege samarbeidspartnarar. Det skal gjennomførast brukarundersøkingar annakvart år.

Høyanger frivillegsentral skal ha jamnlege brukarmøte.

4.7 HØYANGER FRIVILLEGSENTRAL

Høyanger kommune har i mange år hatt eige arbeids- og aktivitetssenter for personar med psykiske lidingar. Frå mars 2016 fortsetter dette tilbodet gjennom nyoppretta frivillegsentral.

Frivillegsentralen vert frå da i lokala til tidlegare Dalestova, og senteret vert vidare kalla Høyanger frivillegsentral. Høyanger frivillegsentral har eigen leiar.

Høyanger frivillegsentral skal vere ein del av rehabiliterings/habiliteringstilbodet til menneske med psykiske lidingar og menneske med ulike funksjonshemmingar. Målsettinga for senteret er å betre brukarane sin livskvalitet ved å tilby ein aktiv og meningsfullt tilvære i fellesskap med andre, førebyggje isolasjon og hjelpe brukarane til å bli mest mogeleg sjølvhjelpne.

Høyanger frivillegsentral og NAV har samarbeid i høve arbeidsretta tiltak. Dette kan dreie seg om avklaring og aktivitet i Elvegata bruktbutikk, og i arbeidsgruppe. Det er tilbod om aktivitet og sysselsetting for personar som treng ein lågterskel aktivitet eller avklaring i høve helsemessige utfordringar. Aktivitetstilbodet omfattar oppgåver som butikkdrift, måling, koordinering, snekring, oppussing, nettsøk, henting av varer, vasking, vedhogst, planlegging av oppdrag m.m.

Senteret er ope 5 dagar i veka, og skal tilrettelegge tilbodet utifrå eigen verksemdplan.

4.8 DESENTRALISERT DAGTILBOD

Lavik har integrert dagtilbod 3 gonger i veka.

4.9 SAMARBEID MED FRIVILLEGE ORGANISASJONAR.

Høyanger kommune har godt samarbeid med frivillege organisasjonar. Idrettslaga og dei andre frivillege organisasjonar som Røde Kors, Sanitetsforeingane i kommunen, Lavik Helselag mm har trivselstilbod, mykje sosial inkludering og nettverkskapande verksemd for folk flest; noko som er styrkande for psykisk helse og såleis sjukdomsførebyggande.

5.0 FRAMTIDIG TENESTETILBOD

AVDELING FOR FØREBYGGANDE TENESTER OG HABILITERING AV BARN OG UNGE

Leidende helsesøster koordinerer psykisk helsearbeid for aldersgruppa 0-20 år.

Eininga sitt arbeidet rettar seg mot aldersgruppa 0-20 år og omfattar helsestasjon, skulehelseteneste, helsestasjon for ungdom, svangerskapsomsorg, sorg- og krisearbeid samt ulykkesførebyggjande arbeid. Eininga arbeidar i hovudsak helsefremjande og primærførebyggjande. Det er regelmessig samarbeid med legetenesta, avdeling for fysikalsk medisin og rehabilitering og barnevernet. I ein skilde saker eininga har eininga samarbeid med tenesteområdet oppvekst/PPT, psykiatri tenesta, NAV og andre aktuelle instansar i spesialisthelsetenesta td BUP. Dersom det er trong for eit samansett tenestetilbod, skal alle saker meldast koordinerande eining i kommunen.

Ein har individuell oppfølging og støttesamtalar med born og ungdom som i periodar har behov for det utan å vere definert som psykisk sjuke, men som td kan ha psykisk sjuke foreldre. Eininga har også oppfølging av asylsøkande born, og born frå flyktningefamiliar. Barnet si tilknytning til- og samspelet med foreldra, særleg det første leveåret, har stor betydning for psykisk helse seinare i livet. Alle gravide får kartlagt anamnese v/utfylling av helsekort, inkludert psykisk helse. Barselkvinnene får individuell, tverrfaglig oppfølging, med ekstra konsultasjonar både i kommunen og i spesialisthelsetenesta. Eininga tilbyr barselsamtalar til alle kvinner som nyleg har født, og dei får tilbod om å nytte screeningsverktøyet EPDS.

5.1 AVDELING FOR FYSIKALSK MEDISIN– OG REHABILITERING

Arbeidet rettar seg mot alle innbygarane i kommunen, og omfattar fysioterapi, ergoterapi, dag- og treningssenter og hjelpemiddelformidling.

Psykisk lidning og sjukdom gjev ofte kroppslege symptom og plager, som ein kan oppleve som Belastande, og som kan gje tap av funksjonar. Innan fysioterapi og ergoterapi gjev ein i dag individuell behandling og sakshandsaming etter henvising frå lege, samt etter tildeling av tenester i Tiltaksteamet.

5.2 OPEN OMSORG

Open omsorg har følgjande tenestetilbod: heimesjukepleie, heimehjelp, praktisk bistand i heimen, tryggleiksalarm og middagsombringning. Det vert også ytt miljøtenester til ressurskrevjande brukarar. Tenestene blir gjeve i Høyanger, Vadheim, Lavik og Sørsida. Det er heildøgnteneste i heile kommunen.

Brukarundersøkingar syner at tilbodet vert opplevd bra.

Brukar, ofte med hjelp av pårørande, og anna helsepersonell, melder behovet i søknad til Tiltaksteamet som tildeler tenester utifrå individuell vurdering. Tiltaksteamet legg vekt på å gje eit heilskapeleg kommunalt tilbod. Tenestetilbodet er ofte eit samarbeid mellom fleire einingar og fagpersonar.

5.3 AVDELING FOR INSTITUSJON

Kommunen har 64 sjukeheimsplassar.

Søknad om sjukeheimsplass vert retta til Tiltaksteamet, som tildeler plass etter individuell vurdering.

5.4 ALLMENLEGETENESTA

Arbeidet til fastlegane rettar seg mot alle innbygarane i kommunen og omfattar nær sagt alle offentlege helsetenester. Legane skal yte tenester -både førebyggjande og kurativt – og akutte og langsiktige også tenester innan psykisk helsevern, der dei ofte har ei sentral rolle i den tverrfaglege oppfølginga av brukarane. Legevakt blir i dag dekkja gjennom legevaktssamarbeid med 9 andre kommunar i SYSIKL. Legevakta har lokalar i sjukehuset i Førde.

5.5 NAV

Personar med psykiske lidningar kan søkje om tenesta opplysning, råd og rettleiing i høve arbeid og aktivitet, økonomi, heime- og busituasjon, helse, fritid og nettverk, på lik linje med andre brukarar. Dei kan og søkje om økonomisk stønad(sosialhjelp). Tiltak som NAV nyttar i høve til brukarar med psykiske lidningar kan vere:

- Støttesamtalar og motivasjonsamtalar
- Ansvarsgrupper og nettverksgrupper

- Tverrfagleg og tverretatleg samarbeid for å sikre brukarar med samansette problemstillingar eit heilskapleg behandlingstilbod. Det kan være bistand til arbeidstrening, samtalar, gjennom ulike tiltak som kan hjelpe personar til å styrke ressursane sine. NAV har tett samarbeid med DPS Tronvik og lokal psykiatriteneste for å ha ei tett og god oppfølging rundt kvar einskild brukar.
- Ulike velferds- og aktivitetstiltak for barn, eldre og funksjonshemma, samt for andre som har behov for det.

Tenestene vert tildelt etter individuelt handsama søknad. Handsaminga skjer i tråd med forvaltningslova.

5.5.1 BUSTAD

Bygg- og eigedomsavdeling i kommunen har ansvaret for kommunale bustader. Unntak er omsorgsbustader ved Høyanger Helsesenter, Lavik helse- og sosialsenter og Sørsida Bygdetun som vert tildelt av tiltaksteamet.

NAV Høyanger disponerer ein beredskapsbustad som kan nyttast i tilfelle der personar av ulike årsaker er i akutt behov for bustad, denne bustaden kan tildelast i korte periodar og inntil 3 mnd.

5.5.2 ØKONOMI

Personar med psykiske lidingar kan få tilbod om råd og rettleiing, økonomisk sosialhjelp og hjelp i høve lån. Dessutan vert det gjeve hjelp og rettleiing vedkommande tilskot, startlån og bustønad frå Husbanken, hjelp til bustad og praktiske hjelpetiltak. Det er også tilbod om økonomisk forvaltning og bistand til å søkje om verge.

5.6 BARNEVERN TENESTA

Barnevernstenesta skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade helse og utvikling får naudsynte tiltak og omsorg til rett tid. Barnevernstenesta arbeider etter lov om barnevernstenester. Det primære tiltaket er hjelpetiltak som er heimla i bvt § 4-4.

Døme på hjelpetiltak er avlasting, råd og rettleiing til forelder, oppfølging av barnet, deltaking i ansvarsgruppe og familierapi. Barnevernstenesta kan også vere ein del av tverrfaglig

bistand til familiar. Tiltak med heimel i § 4-4 er frivillige tiltak. Tvangstiltaka er heimla i bvtl. § 4-8, og §§ 4-10, 4-11 og 4-12, medan tiltak i akutte situasjonar er heimla i bvtl. § 4-6 og § 4-9. Det er Fylkesnemnda for barnevern og sosiale saker som gjer vedtak om tvangstiltak.

5.7 PSYKISK HELSEARBEID

Kommunen har 2.0 årsverk som psykiatrisk sjukepleiar. Stillingane er organisert under open omsorg i Høyanger. Leiar av open omsorg koordinerer det psykiske helsearbeid i kommunen. Tenestetilbodet er retta mot brukarar hovudsakleg over 18 år. Brukarane kan kontakte psykiatrisk sjukepleiar ved å ta direkte kontakt sjølv, via NAV, barnevern, helsestasjon, heimetenesta, fastlege, sjukehus og skule.

Arbeidsoppgåvene for psykiatrisk sjukepleiar

- Tilrettelegging av kommunalt tilbod til menneske med psykiske lidningar og samansette blandingsdiagnosar, som rusbehandling og LAR-utdeling med oppfølging i tett samarbeid med spesialisthelsetenesta.
- Oppfølging og koordinering av behandlingsopplegg og ettervern iverksett av kommunen samt oppfølging i fengsel ved behov. Det er etablert gode samarbeidsrutinar med spesialisthelsetenesta og oppretta IKT-system som lettar informasjonsflyt og pasientoverføring mellom Helse Førde, fastlegekontor og open omsorg.
- Alle som vert innlagd i psykiatrisk avdeling, får etablert kontakt med psykiatrisk sjukepleiar før utskrivning dersom dei ynskjer eller treng dette.
- Samarbeidsmøter vert nytta der brukarar treng tverrfagleg oppfølging og ettervern eller der det er ønskje om rettleiing frå spesialisthelsetenesta for å etablere eit godt kommunalt tilbod til brukaren,
- Høyanger kommune i samarbeid med NAV har utarbeida eigne fengselsrutinar for å kvalitetssikre tenesta til brukarar under soning.
- Rettleiing og undervisning i psykiske lidningar til personale i tenesteområdet til brukarar, pårørande, anna kommunalt personale og frivillege organisasjonar.
- Rettleiingsgrupper for personale, fagleg rettleiing i høve til miljøtiltak for enkeltbrukarar t.d. i heimetenesta, og fagleg rettleiing i høve til aktivitetstilbodet.
- Psykiatritenesta har studentar i praksis både frå sjukepleie-grunnutdanning og vidareutdanning i psykisk helsearbeid.

- Deltaking i ansvarsgrupper. Brukaren skal gi skriftlege samtykke til samarbeid, jfr individuell plan.
- Deltaking i planarbeid
- Dersom brukar har trong for eit samansett tverrfagleg tenestetilbod, skal sakene meldast til koordinerande eining i kommunen.

5.8 PSYKOSOSIAL RESSURSGRUPPE FOR MENNESKE I KRISE OG SORG

Høyanger kommune har ei ressursgruppe for menneske i krise og sorg. Når nokon opplever krise og sorg, og har trong for hjelp og oppfølging frå det offentlege hjelpeapparatet, så er gruppa ansvarleg for at dette vert gjeve. Den psykososiale ressursgruppa er tverrfagleg med følgjande personell:

Helsesøster Kari Ueland tlf. 99219342

Prest Runar Matsui-Li- tlf. 48 89 00 86

Barnevernstenesta Ingvill Auganes tlf. 99219374

Psykiatrisk sjukepleiar. Torunn Styve tlf. 99219335

Oddveig Eide tlf 99219305

Leiar Open omsorg Sørsida Monica Dávøy tlf. 99219326

Ressursgruppa har ein todelt funksjon. Gruppa skal vere ei beredskapsgruppe som rykker ut ved td ulukker, men skal også vere ei ressursgruppe der folk kan søke hjelp dersom dei er i situasjonar som vert opplevd som vanskelege og kritiske for dei.

Medlemene av ressursgruppa kan utifrå deira kompetanse hjelpe folk, og elles sørge for at det vert gjeve hjelp frå det ordinære hjelpeapparatet

Personalet i ressursgruppa har ikkje vaktberedskap. Dersom folk opplever situasjonar som vanskelege og kritiske, men som likevel ikkje kan karakteriserast som ein katastrofe eller ei ulukke der gruppa skal fungere som ei beredskapsgruppe, skal legevakta og AMK kontaktast. Personalet som er på jobb i heimetenestene, og på Høyanger sjukeheim fungerer som kontaktpunkt og bindeledd til ressursgruppa på helg-og nattestid. Personalet i ressursgruppa har ikkje beredskapsvakt.

Personalet som er på vakt, også bakvakt i open omsorg, skal nyttast i aktuell situasjon, før det utkalla ekstraressursar.

Ansvarsvakt på Høyanger sjukeheim eller i open omsorg vurderer behov for å kontakte ressursgruppa på helg-og nattestid.

Telefon Høyanger sjukeheim: 57711638

Vakttelefon open omsorg: 99219300

Personale frå ressursgruppa skal vidareformidle oppfølgingsbehov i høve personar som har trong for eit vidare behandlings- og/eller oppfølgingsopplegg

Krisesenteret i Sogn og Fjordane er samarbeidsinstans.

5.8.1 RETNINGSLINJER FOR BEREDSKAPSGRUPPA

Ressursgruppa vert iverksett ved katastrofar og td større ulukker. Ved katastrofar har helse-og omsorgsjefen ansvaret for innkalling av gruppa etter ordre frå Rådmannen. Dersom helse og omsorgsjefen ikkje er tilgjengeleg, skal helsesøster kalle inn beredskapsgruppa. Avhengig av aktuell situasjon, skal ein kalle inn andre fagpersonar.

Medlemene av gruppa kan, utifrå deira kompetanse, hjelpe og rettleie folk slik at dei som treng det, kan få hjelp frå det ordinære hjelpeapparatet .

Viktige oppgåver for gruppa er

- Vurdere kven som har trong for oppfølgjing
- Vere til stades, gje omsorg og medmenneskeleg støtte
- Dersom fleire er skadde eller pårørande treng hjelp, halde gruppa saman
- Hjelpe vedkommande over i det ordinære hjelpeapparat
- Møtestad er Høyanger Helsesenter

Evaluering

Medlemmene i gruppa og andre involverte i psykologisk førstehjelp, skal samlast snarast mogeleg etter ei ulukke/katastrofe for debriefing.

Grappa skal møtast med jamne mellomrom, og kvar tredje månad, for å sikre kontinuitet og fagleg oppdatering.

6.0 Kommunale utfordringar i høve tenestetilbod til målgruppa.

- Det er trong for å etablere fleire verna arbeidsplassar, samt formalisere eksisterande verna arbeidsplassar. Dette bør vere ei målsetting i 2016.
- Kommunen skal tilby arbeidstrening til prioriterte grupper spesielt personar i aldersgruppa 18-24 år, samt langtidssjukmeldte som skal tilbake til arbeid, og det skal vere høve til kartlegging av restarbeidsevne og arbeidstrening.
- Det skal planleggast eit bufelleskap for yngre personar i målgruppa.
- Utvikle samarbeidet med pårørande og dei frivillege organisasjonane i kommunen for å tilby og sikre fritidsaktiviteter for personar i målgruppa.
- Tverrfagleg samarbeid mellom helsesøster og psykiatrisk sjukepleiar i oppfølging av born som har psykiatrisk sjuke foreldre.
- Psykiatritenesta bør verte ein del av tenestetilbodet «Helsestasjon for ungdom»
- Helsesøster og psykiatrisk sjukepleiar skal delta i samarbeidsmøter med asylmottaket og flyktingetenesta- både på system og individplan. Det er mange utfordringar både av fagleg og kulturell art i oppfølging av born og ungdom i flyktninge -og asylfamiliar.